

Referat frå møte i SU – 08.12.22

Deltakarar:

Elise Horne Kristiansen, leiar elevråd 8-10 og leiar SU

Emily Jensen Fauske, leiar elevråd 5-7

Annlaug Birkeland, leiar FAU

Lena Kristin Slettemark, kommunal representant

Else O. Kvamsås, tilsettrepresentant

Ingolf Andenæs, tilsettrepresentant

Turid Gjesdal, tilsettrepresentant

Gunn Marit Haugsbø, rektor

Ailin Shanks - forfall

Leiar Elise H. Kristiansen ønskte velkommen til møte

Sak 1: Elevråda orienterte om arbeid:

Ungdomstrinnet - elevrådet har arbeidd med følgjande saker:

- Hallaktivitar – innspel til aktivitar og reglar
- Helseveka – under arbeid
- Nyttårsball og drøfting av kleskode. Elevrådet oppfordrar til at det ikkje blir for dyrt (dvs dempe kjøpepresset, særleg med omsyn til kjolekjøp). «Bytedag» har også vore diskutert. Oppfordrar FAU til å følgje opp denne ideen.

Barnetrinnet – elevrådet har arbeidd med følgjande saker:

- Helseveka – klassens dag
- Klasseballar – sendt søknad til rektor og søknaden er innvilga 😊
- Demokratiarbeid

Sak 2: Saker som FAU arbeider med

FAU hadde møte onsdag 07.12 og leiar Annlaug Birkeland formidla at alle trinna var representerte på møtet. Ho opplever at det er eit aktivt FAU og at det er inspirerende å vere med på møta. Annlaug formidla frå drøftingane i møtet - viser til eige referat som ligg på skulen si heimeside og er lenka her: <https://sunnfjord.kommune.no/f/p1/ia7c0da46-c342-4e71-be89-22816079dbc8/referat-fra-mote-fau-7-desember-2022.pdf>

Følgjande saker skal arbeidast vidare med i SU:

- Helseveka – og planlegging av felles arrangement under tema “på tvers av generasjonar”. Foreldre ynskjer å ta del i det vidare arbeidet og bidra til auka deltaking på kveldsarrangementet.
- Heim-skule-samarbeid og informasjonsflyt. Utgangspunktet for denne saka er at det kom fram at representantar for foreldre til elevar på ungdomstrinnet, opplever at det er lite tilbakemeldingar frå skulen og at dei ikkje får noko orientering om korleis barna ligg an fagleg. I SU-møtet kom det fram ulike refleksjonar: Det er gjennomført utviklingsamtalar ut frå skriftlege vurderingar i alle fag på ungdomstrinnet (utvalde fag og særleg knytt til

grunnleggjande ferdigheiter på barnetrinnet). Ut frå oversikten skulen har er det mange foreldre som ikkje har lese vurderingane. Det vil vere nyttig å drøfte informasjonsflyt i eit heim-skule-perspektiv. Konklusjon: Heim-skulesamarbeid og *faglege tilbakemeldingar* vert tema på neste SU-møte. Stikkord til vidare arbeid: Vurdering og læring – kva praksis og rutinar ligg til grunn? Forventningar? Kor mange foreldre etterlyser faglege tilbakemeldingar? Kva er viktig for elevane sin læringsprosess? Korleis blir ting oppfatta; uklart produkt? Ein bør lage ei kartlegging på førehand; denne kan sendast ut gjennom visma.

- Trafikktryggleik – problemstillingane må innarbeidast i ein reguleringsplan og det må arbeidast med hjartesone. Dette er eit arbeid som det må arbeidast vidare med.

Sak 3: Alternativ læringsarena

Rektor informerte kort om samarbeid mellom Førde vgs og Sunnfjord kommune. Ein er i ferd med å utvikle eit samarbeid som kan gje elevar som treng ein meir praktisk kvardag eit tilbod som hindrar at ungdom fell ut av skulegang.

Sak 4: Skuledrift og planlegging for våren 2023

Like over nyttår vil Sunnfjord kommune vere i gang med å planleggje nytt skuleår. Det er store utfordringar i høve økonomiplan og skulesektoren vil måtte ta sin del av innsparingane. Elevtalet ved Naustdal skule vil vere om lag som dette skuleåret også neste skuleår. Det er utfordrande å skaffe vikarar for både lærarar og for assistentar/ miljøarbeidarar. Dette er utfordringar alle skulane kjenner på. Rektor er uroleg for rekrutteringa, særleg til lærarstillingar då tilsetjing skal dekke både pedagogikk og fagkompetanse i undervisningsfaga frå 1.- til 10.trinn.

Ref.

Gunn Marit Haugsbø